

NVE

Konsesjonsavdelinga

Postboks 5091 Majorstua

0301 Oslo

HØYRING AV REVISJONSDOKUMENT FOR TOKKE – VINJEREGULERINGA I TOKKE OG VINJE KOMMUNAR

Vi syner til brev fra NVE 13. februar 2013 om høyring av revisjonsdokument for Tokke-Vinjereguleringa. Vi har fått utsatt frist for uttale til 15. september 2013.

1. INNLEIING

Agder – Telemark Skogeierforening (AT Skog) har i 2004 inngått avtale med Statkraft om å overta slike rettar og plikter som Statkraft er pålagt i skjønn av omsyn til fløtningen i vassdraget. Denne avtala vart inngått som følge av at fløtninga opphørde, og det var grunn til å vurdere desse pliktene annleis.

I revisjonsdokumentet frå Statkraft av januar 2013 går det fram at Statkraft meiner AT Skog har overteke ansvar for bru over Vinjevatn ved Særenoset, og at NVE difor må avvise eit krav frå kommunane Vinje og Tokke om at Statkraft skal ha ansvar for bruha. Kommunane krev at bruha skal haldast open for alle, og at regulanten skal ha vedlikehaldsansvaret. Bakgrunnen for dette kravet er behov for å sikre ålmen ferdsel i form av turvegar. Vi syner til fråsegna frå kommunane s 19 som er teken inn som bilag i revisjonsdokumentet.

Statkraft har i revisjonsdokumentet side 49 avvist dette kravet, dels fordi dei meiner det ikkje er relevant i revisjonen, dels fordi dei meiner AT Skog har teke på seg ansvaret for bruha. Begge deler er etter vårt syn feil, og vi skal her forklare nærmare kvifor vi meiner det.

2. KRAVET OM BRU ER RELEVANT I REVISJONEN

Vi meiner for det første at Statkraft ikkje kan avvise kravet frå kommunane med at det ikkje er eit relevant krav i ein vilkårsrevisjon.

Statkraft har overteke NVEs konsesjon fastsatt ved Kronprinsregentens resolusjon 8. februar 1957 om løyve til utbygging av Tokke-Vinjevassdraget (jf Meddelte vassdragskonsesjoner inntekte som vedlegg 1 i revisjonsdokumentet). Det følger av reguleringskonsesjonen pkt 8 at

Reguleringsanleggenes eier plikter å treffe nødvendige tiltak for å søke å avhjelpe de skader og ulemper som reguleringen fører med seg for bygdefolkets interesser.

Spørsmålet om hvilke tiltak som skal treffes, avgjøres i tilfelle av tvist ved skjønn, som i tilfelle kan fremmes i forbindelse med at skjønnet etter vassdragsreguleringslovens § 16, eventuelt § 19

Det er såleis eit vilkår i konsesjonen at det skal fastsetjast nødvendige tiltak av omsyn til bygdefolkets interesser i etterfølgjande skjønn.

Det vart halde ei rekkje skjønn for å fastsetje erstatningar og tiltak av ulike slag. Ved overskjønn av 1. juli 1961 for reguleringa av Tokke-Vinjevassdraget vert Hovedstyret for Norges Vassdrags- og Elektrisitetsvesen pålagt (overskjønnet s 44):

... å bygge og vedlikeholde en bru over Vinjeelven på et passende sted ved Særenoset, som Vassdragsvesenet selv velger i området omkring kanal I og kanal II, dimensionert for minst 5 tonns akseltrykk og med minst 3,50 m kjørebanebredde.

Grunnlaget for skjønnet er i følgje overskjønnet s. 24 post 8 i reguleringskonsesjonen. Vedlikehaldsansvaret for bru over Vinjeelva ved Særenoset synes såleis fastslått i skjønnet fra 1961 med heimel i konsesjonsvilkåret om tiltak av omsyn til bygdefolkets interesser. Spørsmålet i vår samanheng vil vere om dette likevel er eit tiltak som er pålagt som erstatning for grunneigaranes interesser i fløtning, og som dermed ikkje er underlagt den pågåande revisjonen av konsesjonen.

I seinare skjønn vart regulanten også pålagt tiltak for å avbøte skade og ulempe for tømmerdrift og fløtning. Det vart halde ei rekkje skjønn frå 1963 og utover.

Statkraft aviserer at eit krav om ansvar for brua med at brua er bygd for utnytting av skogane på vestsida av Vinjevatn og "ikke for allmennheten".

Vi meiner det går klart fram av konsesjonen og overskjønnet som fastset dette påleggget, at det er pålagt av omsyn til allmenne interesser.

Konsesjonen av 1957 gir heimel til å påleggje konsesjonären å treffe tiltak "for å søke å avhjelpe de skader og ulemper som reguleringen fører med seg for bygdefolkenes interesser", jf over. Overskjønnet av 1961 syner på s. 42 til konsesjonen på dette punkt som heimel for å påleggje tiltak om bru. Det går fram av grunngjevinga til overskjønnsretten (s 42) at

"Man er enig med saksøkeren i at hjemmelen for de tiltak det her gjelder bare kan søkes i reguleringstillatelsens sammenholdt med reguleringsbestemmelsenes post 8 – altså klausulen om bygdefolkets interesser..."

Vidare heiter det særskilt om den omstridte bruа på side 43:

"Ved vestenden av Vinjevatn går det en kort privat vegstubb fra riksvegen ved bruа over Smørklepp på rundt enden av vatnet. For øvrig har adkomsten til den vegløse

sydesiden vært over vannet. Når isen ikke lenger blir brukbar, blir skogen på sysiden på det nærmeste utilgjengelig om vinteren hvis det ikke skaffes nye adkomstmuligheter. I alle fall vil adkomsten bli så vanskelig at det åpenbart må gi seg store utslag i driftsutgiftene og virke sterkt hemmende på utnyttelsen av skogarealer av en slik utstrekning og kvalitet at de spiller en ganske stor rolle i bygdas økonomi. Retten er derfor ikke tvil om at bygdefolkets interesser er så sterkt berørt at det er grunnlag for pålegg om tiltak til opprettholdelse av forbindelsen mellom nord- og sydsiden av Vinjevatn. Men hertil kommer at ferdselet på vannet om sommeren også blir vanskeliggjort når vannstanden er lav. Vannet er på mange steder så grunt at transport over vannet ved lavvann vil møte meget betydelige ulemper.”

Overskjønnet konkluderer slik om vedlikehaldsansvaret for bru og tilknytt veg:

”Man finner at bruha ved Særenoset bør vedlikeholdes av Vassdragsvesenet, mens vedlikeholdet av tiltaket for øvrig, herunder de private vegene med bruksrett som inngår i tiltaket, bør påhvile brukerne slik at utgiftene fordeles etter veglovens bestemmelser.”

Som det går fram av sitata frå overskjønnet, er pålegget om bruha fastsatt av omsyn til bygdefolket. Det er ikkje trekt fram omsynet til einskilde grunneigarar eller einskilde personer som lir tap, men bygdefolket generelt. Rett nok er det synt til at skogeigarar vil ha fordel av bruha, og at dette må takast omsyn til i dei erstatningane som skulle fastsetjast for tap i skogdrifta. Men dette er sett som ei meir avleidd følgje av tiltaket. Det kan vanskeleg vere tvil om at overskjønnet har gitt dette pålegget om bruha av omsyn til bygdefolket generelt, og dermed allmenne interesser. Dette må igjen tilseie at krav knytta til bruha er relevant i revisjonen.

Det er ikkje tvil om at bruha var eit tiltak som skulle avbøte uheldige verknader av reguleringa. Statkraft synes å meine at tiltaket kan falle bort fordi det ikkje lenger er aktuelt med fløtning. Men det kan ikkje lesast ut av overskjønnet at bruha var eit tiltak som var meint å avbøte ulemper for fløtning. Det går fram av grunngjevinga frå overskjønnet som sitert over, at bruha skulle sørge for at det framleis kunne vere mogeleg å ferdast over vatnet, anten formålet med det var å frakte tømmer eller anna.

Etter vårt syn synet såleis grunngjevinga for tiltaket i overskjønnet at tiltaket er pålagt av allmenne omsyn, og ikkje av omsyn til fløtning. Kravet knytta til bruha må etter dette vere relevant i revisjonssaka.

Vi nemner at det uansett historie er relevant å trekke dette kravet inn i revisjonen, også som eit nytt krav. Fersel over isen er ikkje lettare i dag enn tidlegare, og ei bru for å sikre atkomsten til denne sida av Vinjevatnet er det framleis behov for. Dette tiltaket måtte det difor etter vårt syn vere mogeleg å fremje krav ut frå dei behova ein har i dagens samfunn, og uavhengig av kva som var den historiske grunngjevinga. Vi meiner difor kommunane må ha rett til å fremje dette kravet også av omsyn til dagens behov for turvegar, slik dei gjer i den nemnde uttalen til revisjonsdokumentet.

Frå vår side vil vi støtte kommunane i kravet om å halde bruа open for allmenn ferdsel av omsyn til samanheng med turvegar i området. Med bakgrunn i reguleringa og verknaden for mogeleg ferdsel over isen og vatnet, er det riktig at Statkraft har eit fortsatt ansvar for vedlikehaldet av denne bruа.

3. AVTALE MED AT SKOG


Som nemnt innleiingsvis, har Statkraft inngått avtale med AT Skog om overtaking av rettar og plikter som var pålagt Statkraft av omsyn til fløtning i skjønn som er halde frå 1963 og framover. Påleggет om den omtala bruа vart som nemnt gitt i skjønn av 1961. AT Skog konstaterer at Statkraft meiner at dei har overdrege også ansvaret for denne bruа til AT Skog med denne avtala. AT Skog er ikkje samd i dette. Vi syner til at påleggет om bruа ikkje går fram av dei skjønna som avtala syner til, og at føremålet med avtala ikkje var å overta andre plikter enn slike som var pålagt av omsyn til fløtningen. AT Skog vil såleis meine at det ikkje er rett at Statkraft har inngått avtale om å overlate ansvaret for bruа til andre.

Vi meiner uansett syn på dette at NVE ikkje skal eller må gå inn i ei vurdering av kva som er avtala mellom AT Skog og Statkraft. NVE må vurdere om det er grunnlag for å påleggje Statkraft ansvar for bruа av omsyn til allmenne interesser, og med bakgrunn i kravet frå kommunane. Om Statkraft vil meine at dei har overlatt eit fortsatt ansvar for bruа til andre, er ei sak mellom Statkraft og den andre avtaleparten, og kjem ikkje revisjonssaka ved.

NVE treng ikkje og skal ikkje halde seg til andre enn konsesjonären, og må sjå til at han vert pålagt slike avbøtande tiltak som er nødvendige til einkvar tid. Om konsesjonären deretter velger å oppfylle påleggет ved å inngå avtale med andre, er ikkje ei sak for NVE å leggje seg opp i.

Vi vil difor meine at NVE må ta stilling til kravet om bru i revisjonssaka utan å ta omsyn til avtala med AT Skog. Det er difor heller ikkje grunn til å gå nærmare inn i tolking avtala i denne høyningsuttalen.

For AT Skog



Øystein Høgetveit

Leiar av styret for fløtningsfondet.